



# Årsmøte 2011



Onsdag 11. februar, Firda vidaregåande skule



*Nordvestmeisterskapen for amatørkorps 13. november.*

*(Foto: Andreas Lyngstad Grov)*



# Sakliste

1. Opning
2. Konstituering
  - Namneopprop
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Val av møteleiar
  - Val av møtesekretær
  - Val av to til å skrive under møteprotokollen saman med møteleiar
3. Årsmelding 2010
4. Rekneskap 2010 med revisjonsmelding
5. Innkomne saker
  - Det er ikkje meldt inn andre årsmøtesaker
6. Arbeidsplan 2011
7. Kontingent
8. Budsjett 2011
9. Val
10. Avslutning



*Øvingshelg i Florø i september.*

## Innhald

Årsmelding	5
Kontingent	10
Rekneskap	11
Budsjett	12
Arbeidsplan	14
Val	10
<b>Vedlegg:</b>	
Repertoar 2010	15
Referat frå årsmøtet 2010	16



# Årsmelding

## Årsmøtet 2010

Årsmøtet 2010 vart halde på Firda vidaregåande skule torsdag 11. februar. Det møtte 21 medlemmer, og etter årsmøtet såg lista over tillitsvalde slik ut:

### Styret

Leiar:	Bernt Reed	<i>ikkje på val</i>
Nestleiar:	Gunnar Eide	<i>attval</i>
Kasserar:	Reidun Kjørvik Førde	<i>attval</i>
Sekretær:	Geir Skagen	<i>ikkje på val</i>
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	<i>ny</i>
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	<i>attval</i>
2. vara.:	Eva Holme	<i>attval</i>

### Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar  
Marita Elise Holme  
Bjørn Inge Solheim  
Dirigent

### Sosialkomité

Didrik Eide  
Solveig Tørudstad  
Heidi Fure Klausen

### Valnemnd 2009

Martha Sundal Engeland  
Ingrid Sundal Søreide  
Eivind Kjørvik

### Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen



*Gloppen kulturskule markerte 35 år i mars og samla mellom anna korpsmusikarar frå heile kommunen og i alle aldrar på scena i kultursalen til eit forrykane sluttshow.*

# Årsmelding

## Aktivitetar i 2010

- |                  |  |
|------------------|--|
| 5. februar       | Speling i samband med UKM i kultursalen, med sosial samling på stabburet på Eide etterpå |
| 11. februar      | Årsmøte  |
| 20.-21. mars     | Jubileumskonsert Gloppen kulturskule 35 år   |
| 25. mars         | Skulekorpsbasar i Hyen   |
| 6. april         | Påskebasar i Breim   |
| 2. mai           | Oppmarsj Breimstafett  |
| 17. mai          | Speling på Sandane, Breim og Hestenesøyra  |
| 28.-29. mai      | Øvingshelg med Bjørn Sagstad   |
| 30. mai          | «Sommarnatt ved fjorden» med gjestedirigent Bjørn Sagstad                                |
| 11.-13. juni     | Blåtur til Ytre Solund. Plasskonsert.  |
| 4.-5. september  | Øvingshelg i Florø   |
| 10. november     | Opptak av kvalifiseringsstykke NM - 4. divisjon  |
| 13. november     | Nordvestmeisterskapen 2011 - deltakarar og teknisk arrangør                              |
| 28. november     | Førjulstreff i Aulaen  |
| 17. desember     | Julekonsert i Vereide kyrkje   |
| 19. desember     | Julekonsert i Breim kyrkje   |
| 24.-25. desember | Musikantar frå korpset spelar på ulike julearrangement på Sandane og Austrheim           |

## Styret sitt arbeid

Styret har hatt fire møte i perioden og handsama 21 saker. Ein del saker er delegert til eigne utval Det har vore vanleg for styret, når det hastar, å samlast i samband med øvingar for å drøfte aktuelle saker. Det har vore eitt medlemsmøte i perioden.

Av saker som har vore oppe kan nemnast:

- Rekruttering av medlemmer
- Stabilitet i oppmøte, ro og orden på øvingar
- NM i janitsjar 2011 - påmelding og kvalifisering



*Ole Henrik, gjestedirigent Bjørn Sagstad og John Rune samsnakkar under øvingshelg og «Sommarnatt ved fjorden».*



*«Husorkesteret», som Nisseorkester, spelar medan årsalet går på førjulstreffet.*

*(Foto: Vigdis Henden)*



*Varme og bobler på Hjønevåg camping og Rorbuer.*



# Årsmelding



*Frukost i teltet på Gloppen hotell 17. mai.*

- Nordvest-meisterskapen 2010, deltaking og avvikling
- Leigeprisar for aulaen

## Sesongen slik den gjekk

Første arrangement i 2010 var eit akkompagnement-oppdrag for to av våre eigne ungdommar på ungdommens kulturmønstring. Og på arrangementet får den eine av dei, Rune Støyva, ungdommens kulturpris for Gloppen.

Det første av to større arrangement på våren var samspel med skulekorpsa i kommunen. Det vart framført musikk frå «Commitments» saman med elevlar på Gloppen kulturskule i samband med kulturskulen sitt 35 års-jubileum.

Det andre større arrangementet var fjerde utgåve av «Sommar natt ved fjorden». I år med gjestedirigert Bjørn Sagstad, som også var med og instruerte under øvingshelga fram mot konserten. Som gjesteartistar kom Per Håkon S. Oftedal på trompet og songarane Maria Berglund og Ann-Magrit S. Silfverhielm.

Sommaren vart innleia med ein flott sosial helgetur til Ytre Sula i Solund i regi av sosialkomiteen. Blåturen enda på Hjønnvåg camping og rorbuer hadde komiteen sørge for alt det beste, og det vart det både god mat og plasskonsert.

Hausten starta med eit gledeleg stort tilsig av nye medlemmer, og all tvil om vi var mannskap nok til dei komande arrangementa vart lagt vekk for ei stund. Med både nordvestmeisterskap og NM-kvalifisering på planen var det viktig å kome raskt i gang, så alt først i september hadde korpset øvingshelg i Florø.

I november var det tid for innspeling av kvalifiseringstykkje for 4. divisjon i NM, og få veker etter var det klart at vi var mellom tre av seks korps som kom inn i 4. divisjon gjennom kvalifisering.

Nordvestmeisterskapen både deltok vi på og var tekniske arrangørar for. Og for første gong tok vi i bruk den nye storsalen i Gloppen. I konkurransen kom korpset kom på fjerde plass med 90 poeng. Stryn musikklag vann med 94 poeng. Arrangementsmessig vart det ein suksess, både konkurransen og festmidtdagen vart gjennomført knirkefritt og til stor ros frå alle partar. Slike arrangement kan korpset, og viste det igjen her.



*Rune Støyva fekk ungdommens kulturpris for Gloppen i februar. Her frå ein konsert i 2009*

*(Foto: Odd Hansen)*



*Bjørn Inge, Ole Henrik og Gunnar les dommar-kommentarar etter Nordvestmeisterskapen.*



# Årsmelding

Gjennom Norsk Tipping sitt «Grasrotfond» fekk Gloppen janitsjar gjennom året inn 6608 kroner gjennom at lokale tippingar støttar korpset når dei tipper. Ved årsslutt hadde korpset 39 registrerte «medspelarar».

## Instrument

Korpset har kjøpt ein ny pikkolo og supplert ein del slagverksutstyr i 2010

## www.gloppenjanitsjar.net

Nettside til janitsjaren held korpset og andre informasjon om aktivitetar og arrangement. I samband med at NMF skulle kåre årets korpsnettside, var janitsjaren si side med som ei av tre i første finalerunde. I medlemsbladet Ambis skriv juryen i konkurransen «Lekker layout og solid produksjon. Veldig bra».

## Representasjon i perioden

Cecilie Aalberge har vore styremedlem og Bernt Reed har vore i valnemnda i NMF Nordvest i perioden. Korpset takkar for innsatsen.

## Medlemmar

Ved utgangen av 2010 har korpset 43 medlemmer innmeldt i NMF. Det er ni fleire enn ved utgangen av 2009.

## Fløyte

Are Frode Søholt

## Klarinett

Audhild Bogstad, Britt Rønnekleiv Mølmann, Elin Nikoline Vie, Geir Skagen, Hanne Lyngstad, Iselin Heggheim, Marita Elise Holme, Martin Lyngstad, Norhild Holme, Solveig Tørudstad, Synne Marte Parvati Myklebust

## Bassklarinet

Gudmar Eikenes

## Saksofon

Didrik Eide, Espen Hjelmeland, Henrik Y. Runshaug, Ingvild Førde, Margunn A. Evebø, Reidun Kjørvik Førde, Roger Andreas Holme

## Trompet / kornett

Arvid Jordanger, Cecilie Aalberg, Heidi Fure Klausen, Håvard Nordvik, Per-Helge Evebø



*Konsert under påskebasaren i Breimshallen. Bjørn Inge spelar solo på «Misty».*

*(Foto: Magnus Willumesen)*



*Skulder ved skulder på smale vegar rundt på Hestenesøyra 17. mai.*



*Per Håkon S. Oftedal var «heime» igjen og var solist med Hummels trompetkonsert under «Sommarnatt ved fjorden».*

*(Foto: Julie Hauge)*



# Årsmelding



*Halldis Lyngstad og Vesla Hansen, to av mange i dameklubben som gjer ein viktig innsats på «side-linja» for korpset.*

*(Foto: Vigdis Henden)*

## Horn

Eva Fitje Holme, Martha Sundal Engeland, Silje Engeland, Vigdis Henden

## Trombone

Bjørn Inge Solheim, Jon G. Eide, Odd Hansen

## Baryton

Ingrid Sundal Søreide, Linda Pupe Støyva, Olav R. Myklebust

## Tuba

Bernt Reed, Eivind Kjörvik, Gunnar Eide, Ole Henrik Mølmann, Rune Støyva

## Slagverk

Jakob Hjelmeset, Thomas Røgeberg, Torgrim Halse

## Dirigent

John Rune Ødven

## Desse byrja i 2010:

Are Frode Søholt, Audhild Bogstad, Iselin Heggheim, Nørhild Holme, Synne Marte Parvati Myklebust, Ingvild Førde, Espen Hjelmeland, Henrik Y. Runshaug, Roger Andreas Holme, Håvard Nordvik, Silje Engeland, Odd Hansen

## Desse slutta i 2010:

Vidar Seljen Melby, Hege Ravnestad, Aud S. Kleppe

## Korpset takkar:

Gloppen janitsjar takkar hovudsponsorane Lerum og Sparebanken Sogn og Fjordane for god støtte.

Korpset takkar støttekomiteen som legg ned eit stort arbeid gjennom året, særleg opp mot Julelotteriet og Påskebasaren, og som stiller opp når korpset trengst ekstra hjelp.

Takk til dirigent John-Rune Ødven for tolmodig arbeid gjennom året.

Heider også til nestleiar Gunnar Eide for godt arbeid som fungerande leiar i leiaren si sjukmeldingsperiode.

Sandane 1. februar 2010

Bernt Reed, leiar

Geir Skagen, sekretær

Gunnar Eide, Reidun Kjörvik Førde, Hanne Lyngstad, Ole Henrik Mølmann, Eva Fitje Holme



*Plasskonsert på Hjønnvåg camping under blåturen i juni.*



*Pizzapause i øvingshelga før «Sommar natt ved fjorden».*



10

Sak 7

*Kaffi i Åsavegen før avmarsj 17. mai.*

Sak 9

*Olav sel lodd på bøker under påskebasaren i Breimshallen tysdagen i påskeveka.*

# Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart i 2009 auka til 500,- kroner for vaksne og 250,- for skuleelevar. Styret ser ingen grunn til å auke kontingenten.

**Framlegg til vedtak:** Kontingenten i Gloppen Janitsjar er kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar.

# Val

## Valnemnda si innstilling

### Styret

Leiar:	Bernt Reed	Attval
Nestleiar:	Gunnar Eide	
Kasserar:	Reidun Kjørvik Førde	
Sekretær:	Geir Skagen	Attval
Styremedlem <sup>1</sup> :	Hanne Lyngstad	
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval
2. vara.:	Arvid Jordanger	Ny

### Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Bjørn Inge Solheim	Attval
Torgrim Halse	Ny
Dirigent	

### Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval
Elin Nikoline Holme	Ny

### Revisorar

Didrik Eide og Heidi Fure Klausen	Attval
-----------------------------------	--------

## Styret si innstilling

### Valnemnd 2010

Ingrid Sundal Søreide	Attval
Eivind Kjørvik	Attval
Eva Fitje Holme	Ny

*Bernt har stilt seg til rådvælde for ei ny periode som leiar.*

1) Til vervet som styremedlem ligg det å vere materialforvaltar.

# Rekneskap og budsjett



*Gudmar sel årar under  
førjulstreffet i Aulaen.*

*(Foto: Vigdis Henden)*

Inntekter	Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Budsjett 2011
3011 Medlkont/Uniform/Instrumentleige	kr 25 000,00	kr 27 600,00	kr 26 000,00
3040 Offentleg speling	kr 2 000,00	-	kr 2 000,00
3070 Julebasar	kr 45 000,00	kr 48 111,50	kr 48 000,00
3080 Påskebasar	kr 40 000,00	kr 40 962,00	kr 40 000,00
3090 Hovudlotteri	kr 50 000,00	kr 50 000,00	kr 50 000,00
3100 17.mai speling / Buss	kr 15 000,00	kr 12 540,00	kr 15 000,00
3110 Gåver	kr 11 000,00	kr 11 000,00	kr 11 000,00
3120 NMF VO-midlar	kr 12 000,00	kr 11 522,00	kr 12 000,00
3130 Norsk Tipping	kr 5 000,00	kr 6 587,95	kr 6 000,00
3140 Sponsor	kr 25 000,00	kr 25 000,00	kr 25 000,00
3150 Kulturmidlar	kr 9 000,00	kr 9 000,00	kr 9 000,00
3160 Sommarnatt ved fjorden	kr 30 000,00	kr 26 879,00	-
3170 MVA komp. 2009	-	kr 8 202,00	kr 8 000,00
3190 Eigenandel Øvingshelg Florø	-	kr 18 812,00	-
3200 Nordvest Meisterskapen 2010	kr 25 000,00	-	kr 80 000,00
3210 NM Janitsjar 2011	-	-	kr 75 000,00
3220 Haustkonsert 2011	-	-	kr 20 000,00
3230 Julefest / Sambafest	kr 5 000,00	-	-
8040 Renteinntekter	kr 1 000,00	kr 320,00	kr 300,00
8100 Bruk av eigenkapital	-	-	-
<b>SUM INNTEKTER</b>	<b>kr 300 000,00</b>	<b>kr 296 536,45</b>	<b>kr 427 300,00</b>

# Rekneskap og budsjett

Utgifter		Budsjett 2010	Rekneskap 2010	Budsjett 2011
4010	Instrument	kr 30 000,00	kr 40 544,00	kr 35 000,00
4020	Notar	kr 10 000,00	kr 18 491,48	kr 20 000,00
4030	Uniform	-	-	kr 10 000,00
4040	Innleigde tenester	kr 10 000,00	-	-
5850	Gåver / Blomar	kr 3 000,00	kr 2 220,00	kr 5 000,00
6210	Husleige	kr 15 000,00	kr 13 100,00	kr 8 000,00
6240	Instruksjon	kr 92 000,00	kr 92 340,00	kr 95 000,00
6650	Øvingshelgar	kr 10 000,00	kr 31 665,00	kr 10 000,00
6710	Administrasjon	kr 5 000,00	kr 5 324,75	kr 3 000,00
6720	Julefest / Sambafest	kr 1 000,00	-	-
6730	Påskebasar	kr 20 000,00	kr 22 008,94	kr 20 000,00
6740	Julebasar	kr 30 000,00	kr 37 141,47	kr 40 000,00
6770	17.mai buss	kr 10 000,00	kr 14 633,00	kr 12 000,00
7030	NordVest-Mesterskap 2010	kr 6 000,00	kr 8 050,00	kr 10 000,00
7040	Korpstur NM 2011	-	kr 4 750,00	kr 130 000,00
7050	Musikkleir	kr 10 000,00	kr 9 000,00	kr 10 000,00
7160	Sommarnatt ved fjorden	kr 30 000,00	kr 38 929,50	-
7410	NMF Kontingent	kr 10 000,00	kr 10 090,00	kr 11 600,00
7510	Forsikring	kr 5 000,00	kr 4 840,00	kr 5 400,00
7720	Årsmøte / Leiarsamling NMF	kr 2 000,00	kr 289,50	kr 2 000,00
7790	Diverse	-	-	-
8190	Finanskostnader	kr 1 000,00	kr 255,50	kr 300,00
<b>SUM UTGIFTER</b>		<b>kr 300 000,00</b>	<b>kr 353 673,14</b>	<b>kr 427 300,00</b>



*Stor akkumulert erfaring hjå superduoen som står for trekkinga på førjuls-treffet: Martin Lyngstad og Odd Petter Skinlo.*

*(Foto: Vigdis Henden)*



# Rekneskap og budsjett



## ÅRSAVSLUTNING 2010

<b>Inntekter</b>	<b>Utgifter</b>	<b>Underskot</b>
kr 296 536,45	kr 353 673,14	kr 57 136,69

Bank 01.01.2010	kr 155 177,01
Underskot 2010	kr 57 136,69
Bank 31.12.2010	kr 98 040,32

Gloppen Janitsjar  
Sandane 25.01.2011

Reidun Kjørvik Førde, kasserer

## Samandrag av nokre rekneskapstal

	Inntekt	Utgift	Netto
Påskebasar (utgift både frå 09 og 10)	40 962,00	22 008,94	18 953,06
Julebasar og Hovudlotteri (utgifter både 09 og 10)	98 111,50	37 141,47	60 970,03
Sommarnatt ved fjorden (inkl.gjestedirigent)	26 879,00	38 929,50	-12 050,50

## REVISJONSMELDING

Rekneskapen er revidert og funnen rett i følgje bilaga.

Sandane, 31. januar 2011

Heidi Fure Klausen (sign)      Didrik Eide (sign)



*Bernt, Martin, Didrik og Arvid står for trekking og kontroll av loddbooker under påskebasaren.*



*Drillen var perfekt - som vanleg - når janitsjaren inviterte til Nordvestmeisterskap og festmiddag.*





# Arbeidsplan

## 2011

### Vår

Korpsbasar i Hyen 9. mars  
NM for janitsjar 7.-10. april  
Påskebasar i Breim 19. april  
Breimsstafetten 1. mai  
17. mai  
Grendakonsertar

### Haust

Øvingshelg 3.-4. september  
Show med GJ og Breimskoret 30. oktober  
Nordvestmeisterskap i Måløy 12. november  
Førjulstreff i Aulaen 27. november  
Julekonsertar ca 18. og 20. desember

## 2012

### Vår

Skotårgalla 3.mars  
Korpsbasar i Hyen  
Påskebasar i Breim  
Breimsstafetten  
17. mai  
Sommernatt ved fjorden eller Grendakonsertar ?

### Haust

Øvingshelg  
Solistkonsert med lokale talenter  
Konsert med Sunde, Henriksen, Halvorsen



Marsjar og marsjering på 17. mai er ein viktig del av det eit korps skal vere med på. Her på fylkesveg 615 gjennom Hestnesøyra.



Under «Sommernatt ved fjorden» stilte korpset for første gong i heilsvart - utan kvit skjorte og svart tversover, noko som kanskje vert vanlegare framover.

(Foto: Julie Hauge)



Gode hjelparar er kjekt å ha - i alle aldrar.

# Repertoar 2010



*Det er ulike måtar å bu seg på når ein skal vere med mamma på øvingshelg.*

Bønder i byen (Sverre Bergh, arr. Edward B. Nilsen)  
 Den norske løve (Oscar Borg)  
 Drotningholmsmusikken (Johan Helmich Roman, arr. Stig Gustafson)  
 1. sats «Allegro»  
 El Capitan (J. P. Sousa)  
 Fallskjermjægar-marsj (Sven Samuelsson)  
 Flåklypa-medley (Bent Fabricius Bjerre, arr. Lars Erik Gudim)  
 Fyra Akvareller (Tor Aulin, arr. Jerker Johansson)  
 «Humoresq»  
 Gabriellas song (Stefan Nilsson/Py Bäckman, arr. Lars Erik Gudim)  
 Gammel jegermarsj (Øyvind Strand)  
 General Cederschiöld (Per Grundström, arr. Stig Gustafson)  
 Holmenkollmarsjen  
 Idas sommervise (arr. Olov Helge)  
 Juleklokker over jorda (Richard Nordraak, sats Egil Hovland, instr. Arne Søholt)  
 Kom no med lovsang (J. Wade, arr. David Willcocks, instr. Arne Søholt)  
 Lincolnshire Posy (Percy Aldridge Grainger)  
 «Horkstowe Grange»  
 Men går jag över ängarna (Nils Ferlin, arr. Arne Søholt)  
 Menuett i mai (Vidar Sandbeck, arr. Arne Søholt)  
 Misty (Errol Garner/Johnny Burke, arr. Bjørn Morten Kjærnes)  
 Mitt hjerte alltid vanker (Folketone, arr. John Brakstad)  
 Montego Bay (Sammy Nestico)  
 Norsk Gardemarsj (Allan Johanson)  
 Nu vandrer frå hver en verdenskrok  
 On the Quarter deck (Kenneth J. Alford)  
 Ridderne av den blanke messingingen (Bertil Palmar Johansen)  
 Sandpaper Ballet (Leroy Anderson)  
 Second Suite in F (Gustav Holst)  
 1. «March»  
 2. «Song without words»  
 Sommernatt ved fjorden (Kjetil Bjørnstad, arr. Arne Søholt)  
 Sophisticated Ladies (Duke Ellington, arr. John Edmondson)  
 Stille Nacht (Franz Gruber, arr. Jacob de Haan)  
 The Commitments (arr. Magne Rutle) Utvalgte låter  
 The Mad Major (Kenneth Alford)  
 Tiger Rag (arr. Paul Yoder)  
 Trumpet Concerto i E flat (J.N. Hummels, arr. Martin Pschorr)  
 1. sats «Allegro Con Spirito»  
 Trupeters Lullaby (Leroy Anderson)  
 Tu be, or not Tuba! (Frode Thingnæs)  
 Vid kveldens slut (Owe Green, arr. Jerker Johansson)



*I tillegg til korpset sitt innslag har vårt eminente «husorkester» sitt eige faste repertoar på førjulstreff og påskebasar.*



*Nydeleg mat på Hjønnevåg camping under sosialkomiteen sin sær sars vellukka blåtur i juni.*



# Referat frå årsmøtet 2010

i Gloppen Janitsjar torsdag 11. februar 2010  
kl 2030 på Firda vidaregåande skule

Før møtet fekk Rune Støyva blomar og gratulasjonar for å ha fått tildelt ungdommens kulturpris i samband med Ungdommens kultur-mønstring i Gloppen, fredag 5. februar 2010.

Leiar Bernt Reed opna årsmøtet og tok opprop.

Til stades ved opninga:

Didrik Eide, Gunnar Eide, Jon G Eide, Margunn A. Egebø, Ingvild Førde, Reidun Kjørvi Førd, Vigdis Henden, Eva Fitje Holme, Arvid Jordanger, Heidi Fure Klausen, Hanne Lyngstad, Martin Lyngstad, Olav R. Myklebust, Britt Rønnekleiv Mølmann, Ole Henrik Mølmann, Bernt Reed, Geir Skagen, Bjørn Inge Solheim, Linda Pupe Støyva, Rune Støyva, Solveig Tørudstad.

Det er 21 røysteføre til stades ved starten av årsmøtet.

## Godkjenning av innkalling og sakliste

Dato for årsmøtet var kunngjort på øving i korpset 14. januar, på korpset sine nettsider 16. januar, og i Firda Tidend onsdag 3. februar. Sakliste og årsmøtepapir var gjort tilgjengeleg for medlemmane på epost og på nettsidene tysdag 9. februar.

**Vedtak:** Innkalling og sakliste er godkjent.

## Val av møteleiar

Bernt Reed vart foreslått som møteleiar. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Bernt Reed er møteleiar

## Val av møtesekretær

Geir Skagen vart foreslått som møtereferent. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Geir Skagen er møtereferent

## Val av personar til å skrive under møteprotokollen

Det vart gjort framlegg om at Martin Lyngstad og Britt Rønnekleiv Mølmann signerte møteprotokollen saman med leiar. Det kom ingen andre framlegg.

**Vedtak:** Britt Rønnekleiv Mølmann og Martin Lyngstad signerer møteprotokollen saman med leiar.

## Årsmelding

2009 vart fokus på NM for janitsjar i Trondheim i mars, medan Sommarnatt ved fjorden vart avlyst, og i staden var det konsertar i Myklebustdalen og ved Heradshuset på Sandane. I november var det øvingshelg med skulekorpsa i kommunen i samband med kultur-skulen sitt jubileumskonsert med «Commitment» våren 2010. Året elles baud på dei faste spelningane; korpsbasar i Hyen, Påskebasar i

Breim, Breimstafetten, 17. mai, Førjulstreff og adventskonsertar. Styret har hatt åtte møte og 37 saker, og ved slutten av året talde korpset 34 medlemmer.

Årsmeldinga vart gjennomgått side for side og det kom ingen endringar.

**Vedtak:** Årsmeldinga for sesongen 2009 er godkjent.

## Rekneskap med revisjonsmelding

Rekneskapan vart lagt fram med eit underskot på kr 10 526,15 kroner. I budsjettet for året var det sett av 31.000 kroner i bruk av eigenkapital til NM, så vi kom betre ut enn budsjettet.

Revisorane har gått gjennom rekneskapan og skriv at «rekneskapan er revidert og funnen rett i følge bilaga og kontoutskriftene».

Kasserar Reidun Kjørvi Førd orienterte om dei ulike punkta i rekneskapan og svarte på spørsmål. Det kom ingen kommentarar til rekneskapan.

**Vedtak:** Rekneskap for 2009 er godkjent med merknad

## Innkomne saker

Det var ingen inkomne saker

## Arbeidsplan

Styret og musikkutvalet har sett opp eit framlegg til arbeidsplan for komande arbeidsår og nokre hovudmål i eit treårsperspektivplan. Våren inneheld dei vanlege aktivitetane med kulturskulen sitt jubileum og Sommarnatt ved fjorden som viktigaste innslag. Hausten vil verte prega av at vi skal delta på og vere teknisk arrangør av Nordvest-meisterskapen 2010, før dei vanlege førjuls-aktivitetane.

For 2011 ligg det inne både NM, ein jazzkonsert med Helge Sunde, Børge Are Halvorsen og Arve Henriksen - gamle medlemmer i internasjonal format, og eit samarbeid med Breimskoret.

Framlegget vert retningsgjevande og det var semje om tiltaka i årsmøtet.

**Vedtak:** Arbeidsplanen er godkjent.

## Kontingent

Kontingenten i Gloppen Janitsjar vart heva til 500 kroner for vaksne og 250 kroner for skuleelevar i 2009, og styret foreslo å halde fast på dette.

**Vedtak:** Kontingenten i Gloppen Janitsjar vert kroner 500,- for vaksne og kroner 250,- for skuleelevar.

## Budsjett

Styret presenterte eit budsjett for komande sesong som er balansert på 295.000 kroner.

Etter at papira vart sendt ut viser det seg at kommunen sine satsar for leige av dirigent er endra, så posten direksjon aukar med

9.000 kroner. Det vart gjort nokre mindre endringar i budsjettet i samsvar med dette.

**Vedtak:** Budsjett for 2010 vart godkjent med endringar, og balanser-er no på 300 000 kroner.

## Val

Styremedlem Eivind Kjørvi har varsla at han ikkje tek attval til styret etter å ha hatt vervet i to periodar. Nestleiar Gunnar Eide, kasserar Reidun Kjørvi Førd, og varemlemmane Ole Henrik Mølmann og Eva Fitje Holme stiller alle til attval. Valnemnda orienterte om arbeidet før årsmøtet, og presenterte dette framlegget til styre og utval:

## Styret

Leiar:	Bernt Reed		
Nestleiar:	Gunnar Eide	Attval	Kasserar: Reidun
Kjørvi Førd	Attval		
Sekretær:	Geir Skagen		
Styremedlem:	Hanne Lyngstad	Ny	
1. vara.:	Ole Henrik Mølmann	Attval	
2. vara.:	Eva Fitje Holme	Attval	

## Musikkutval

Ole Henrik Mølmann, leiar	Attval
Marita Elise Holme	Attval
Bjørn Inge Solheim	Ny

## Dirigent

## Sosialkomité

Didrik Eide	Attval
Solveig Tørudstad	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

## Valnemnd 2010

Ingrid Sundal Søreide	Attval
Martha Sundal Engeland	Attval
Eivind Kjørvi	Ny

## Revisorar

Didrik Eide	Attval
Heidi Fure Klausen	Attval

Det var ikkje andre framlegg til val enn innstillinga frå valnemnda.

**Vedtak:** Valnemnda sitt framlegg til nye styremedlemmer og utvalmedlemmer er godkjent ved akklamsjon.

Sandane 11. februar 2010

Geir Skagen referent